

# NOREGS BANK MEMO

Utviklingstrekk i kunderetta  
betalingsformidling – 2015

NR 1 | 2016



NOREGS BANK

# Noregs Bank Memo Nr. 1 | 2016

Noregs Bank

Adresse: Bankplassen 2

Post: Postboks 1179 Sentrum, 0107 Oslo

Telefon: 22316000

Telefaks: 22413105

E-post: [central.bank@norges-bank.no](mailto:central.bank@norges-bank.no)

Internett: <http://www.norges-bank.no>

Trykk: 07 Media AS

ISSN 1894-0269 (papir)

ISSN 1894-0277 (online)

ISBN 978-82-7553-910-4 (trykk)

ISBN 978-82-7553-909-8 (online)

Kunderetta betalingsformidling – 2015 .....	4
1 Bruk av betalingsinstrument .....	4
2 Korttransaksjonar .....	7
3 Kontantar .....	14
4 Prisar i betalingsformidlinga .....	18
5 Bankane sine inntekter frå betalingsformidling .....	20
Tabellar .....	21
Generelle data .....	21
Betalingsmiddel i Noreg .....	21
Betalingsinfrastruktur .....	22
Kunderetta betalingstenester .....	25
Prisar .....	32
Sende pengar heim .....	34
Forklaringar og kjelder til tabellane .....	36


Den sterke veksten i bruken av betalingskort heldt fram også i 2015. Kvar innbyggjar nytta i gjennomsnitt kortet 391 gonger i fjor. Betalingar i utlandet og over Internett utgjer ein aukande del av dei samla betalingane, noko som har medverka til at bruken av internasjonale kort veks raskare enn bruken av BankAxept. Reduserte uttak av kontantar frå minibankar og i samband med varekjøp tyder på at kontantar vert brukte stadig sjeldnare til betalingar i Noreg.

## 1 Bruk av betalingsinstrument

I hovudsak finst det to typar betalingsmiddel: kontantar og bankinnskot (konto-pengar). Betalingsmidla kan disponerast ved bruk av betalingsinstrument. Betalingskort og giro er døme på betalingsinstrument som gjer kontopengar tilgjengelege. Kontantar kan nyttast utan bruk av andre instrument og er derfor både betalingsmiddel og betalingsinstrument.

Figur 1 viser utviklinga i bruken av betalingsinstrument utanom kontantar. I 2015 vart det til saman gjort 2610 millionar betalingstransaksjonar. Dette var 6,5 prosent fleire transaksjonar enn i 2014.

**Figur 1 Bruk av betalingsinstrument. Millionar transaksjonar. 2001–2015**



Kjelde: Noregs Bank


Bruken av debet- og kreditoverføringer (girobetalingar) har auka jamt i ei årrekke. I 2015 vart det utført 658 millionar slike betalingar, 3,8 prosent fleire enn i 2014.

Talet på varekjøp med betalingskort auka med 7,4 prosent, og det vart i 2015 utført 1952 millionar kortbetalingar.

<sup>1</sup> Statistikken som vert nytta i dette notatet, er utarbeidd av Statistisk sentralbyrå på vegner av Noregs Bank. Utførlege tabellar er vedlagde dette dokumentet, og er i tillegg publiserte på Noregs Bank sine nettsider.

Ei typisk girobetaling er mykje større enn ei typisk kortbetaling. I 2015 var den gjennomsnittlege girobetalinga på 24 254 kroner, medan den gjennomsnittlege kortbetalinga var på 371 kroner. Verdien av debet- og kreditoverføringane summerte seg til 15 967 milliardar kroner i 2015, sjå figur 2. Verdien vaks med 5 prosent frå 2014 til 2015. Verdien av kortbetalingane vaks med 6,3 prosent i perioden, til 724 milliardar kroner.

**Figur 2 Bruk av betalingsinstrument. Milliardar kroner. 2001–2015**




Kjelde: Noregs Bank

### Fordeling på ulike typar av betalingar

Meir enn halvparten (57 prosent) av all bruk av betalingsinstrument i 2015 var med det nasjonale debetkortsystemet BankAxept, sjå venstre del av figur 3. Internasjonale betalingskort (debetkort, kredittkort og faktureringskort) stod for 18 prosent av transaksjonane. Betalingskort elles (nasjonale kredittkort og førehandsbetalte internasjonale kort) stod berre for ein marginal del av betalingane. Nettbankbetalingar stod for 17 prosent av transaksjonane, og var den mest brukte typen girobetaling. Direkte debiteringar stod for 4 prosent av alle transaksjonane. Direkte debiteringar er betalingar som betalingsmottakaren har sett i gang. Døme er AvtaleGiro (privatkundar) og Autogiro (føretakskundar). Girobetalingar elles (mellom anna brevgiro, telegiro og mobilbank) stod òg for 4 prosent av transaksjonane.

**Figur 3 Bruken av ulike betalingsinstrument som del av dei totale transaksjonane og den totale verdien. 2015**



Kjelde: Noregs Bank

Verdien av nettbankbetalingane utgjorde heile 82 prosent av den samla verdien av betalingane i 2015. Verdien av direkte debiteringar og girobetalingar elles utgjorde høvesvis 2 og 12 prosent av den samla verdien. Kortbetalingar stod til saman for berre 4 prosent av den samla verdien av dei elektroniske betalingane.

### Nærare om direkte debiteringar, elektronisk faktura og brevgiro

Både mottakaren og betalaren må ha avtale med banken sin for at det skal kunne gjennomførast ei direkte debitering. Ved utgangen av 2015 fanst det 18,5 millionar avtalar om direkte debiteringar mellom kundar, bedrifter og bankar. Det var ein auke på 7,4 prosent frå 2014.

AvtaleGiro og Autogiro kan kombinerast med elektronisk faktura (e-faktura). Ved utgangen av 2015 fanst det 1619 Nets-registrerte avtalar med føretak om å tilby e-faktura. Det fanst 14,5 millionar avtaler med privatpersonar og 0,2 millionar avtalar med føretak om å ta imot eFaktura<sup>2</sup>, høvesvis 27,7 og 28,5 prosent fleire avtalar enn ved utgangen av 2014.


Det var 508 134 Brevgiro-avtalar ved utgangen av 2015. Dette var 14,8 prosent færre enn ved utgangen av 2014. Nedgangen skuldast både lågare bruk og opprydding i ikkje-aktive avtalar.

### Betalingar frå personkundar

På figur 4 er debet- og kreditoverføringar frå personkundar viste. Det har vore ein auke i talet på overføringar i nettbank, i talet på direkte debiteringar (AvtaleGiro) og i bruken av mobilbank dei siste åra, og dette er dei tre mest brukte overføringstenestene for personkundar. Omfanget av brevgiro og telegiro har minka for kvart år og er no lite brukte løysingar. Dei som er brukarar av brevgiro, sende i gjennomsnitt inn 21 slike giroar kvar i 2015.

2 eFaktura er éin type elektronisk faktura. EHF-faktura er ein annan type.

**Figur 4 Debet- og kreditoverføringer fra personkunder. Millionar transaksjonar. 2001–2015**




Kjelde: Noregs Bank

## 2 Korttransaksjonar

I 2015 vart det til saman gjennomført 2021 millionar transaksjonar<sup>3</sup> med norske betalingskort, ein auke på 6,8 prosent frå 2014. I gjennomsnitt brukte kvar innbyggjar betalingskort 391 gonger i 2015, sjå figur 5. I 2014 vart betalingskort i gjennomsnitt nytta 370 gonger per innbyggjar. Gjennomsnittleg verdi på korttransaksjonane i 2015 var 423 kroner, ned frå 430 kroner i 2014.

**Figur 5 Talet på korttransaksjonar per innbyggjar per år og verdi per korttransaksjon i kroner. 2001–2015**




Kjelde: Noregs Bank

<sup>3</sup> Inkluderer varekjøp med og utan kontantuttak og uttak frå minibankar

## Talet på betalingskort

Ved utgangen av 2015 var det totalt utferda 14,7 millionar norske betalingskort, sjå figur 6. Talet på utferda kort har auka for kvart år sidan slike kort vart lanserte i siste halvdel av 1970-åra. Frå 2014 til 2015 auka talet på kort med 7,3 prosent.

**Figur 6 Talet på utferda norske betalingskort. I millionar. 2001–2015**



Kjelde: Noregs Bank

Den vanlegaste korttypen er dei korta som kombinerer BankAxept med eit internasjonalt<sup>4</sup> debetkort (som regel Visa), sjå oversikt 1. Over halvparten av dei utferda korta er av denne typen. Den nest vanlegaste korttypen er dei internasjonale kredittkorta. Om lag ein tredel av korta er av denne typen. Dei andre korttypane har berre låge prosentdelar av den totale kortmengda.

**Oversikt 1 Samansetjinga av utferda norske betalingskort<sup>5</sup>. Prosent**

Type kort	2014	2015
Kombinererte BankAxept/internasjonale debetkort	56,4	55,6
Internasjonale kredittkort	31,7	34,1
Kombinererte internasjonale/nasjonale kredittkort	3,8	3,7
Internasjonale faktureringskort	4,1	3,2
E-pengekort	2,0	1,9
Ikkje-kombinererte BankAxept-kort	1,2	1,1
Kombinererte BankAxept/nasjonale kredittkort + nasjonale kredittkort	0,8	0,5

Kjelde: Noregs Bank

4 I den vidare teksten vert omgrepet *internasjonale kort* nytta om norske betalingskort som er utferda av eller på lisens frå internasjonale kortselskap.

5 *Debetkort*: Betalingskort som gjer det mogleg for eigaren av kortet å disponere innskot på bankkontoen som kortet er knytt til. Brukaren sin konto vert belasta kvar gong kortet vert brukt.

*Kredittkort*: Betalingskort med kreditt som kan avtalast nedbetalt uavhengig av kva tid kortet vert brukt.


*Faktureringskort*: Brukaren av kortet tek med visse tidsintervall imot ein samlefaktura som vert betalt under eitt.



## Ulike typar kortbetalingar

I 2015 vart det gjort 1526 millionar transaksjonar med det norske debetkortsystemet BankAxept, sjå figur 7. Veksten frå 2014 til 2015 var på 5,1 prosent, noko lågare enn veksten på 6,3 prosent frå 2013 til 2014. Det vart gjort 488 millionar transaksjonar med internasjonale kort i 2015. Veksten minka noko, frå 14,4 prosent i 2014 til 12,6 prosent i 2015. Nasjonale kredittkort stod for 6 millionar transaksjonar.

Figur 7 Bruk av betalingskort etter utferdar. Millionar transaksjonar. 2001–2015




Kjelde: Noregs Bank

Marknadsdelen for BankAxept-kort minkar framleis, og fall frå 76,7 til 75,5 prosent frå 2014 til 2015, sjå figur 8.<sup>6</sup> Prosentdelen av den samla kortbruken for internasjonale debetkort steig frå 13,6 til 14,5 prosent og for internasjonale kredittkort frå 8,1 til 8,6 prosent. Den samla marknadsdelen for internasjonale kort (som kan vere debetkort, kredittkort eller faktureringskort) var i 2015 på 24,1 prosent. Marknadsdelen for nasjonale kredittkort var på 0,3 prosent i 2015.

90,1 prosent av alle transaksjonane i 2015 var med debetkort (BankAxept og internasjonale debetkort), medan 8,9 prosent vart gjorde med kredittkort (internasjonale og nasjonale). Bruken av kredittkort aukar for kvart år. I 2010 vart 5,8 prosent av transaksjonane gjorde med kredittkort.

<sup>6</sup> Del av samla bruk av norske kort. BankAxept-kort kan ikkje nyttast ved kjøp i utlandet eller over Internett. Dersom vi ser bort frå slik kortbruk, var BankAxept sin del av den samla bruken 87,9 prosent i 2015 mot 89 prosent i 2014.


**Figur 8 Bruk av betalingskort etter utferdar og funksjon. Prosent av alle transaksjonar. 2001–2015**



Kjelde: Noregs Bank

Verdien av BankAxept-transaksjonane i 2015 summerte seg til 579 milliardar kroner, sjå figur 9. Veksten frå 2014 til 2015 var på 3,2 prosent. Verdien av transaksjonane med internasjonale kort vaks med 9,5 prosent frå 2014 til 2015 og summerte seg til 268 milliardar kroner i 2015.

**Figur 9 Bruk av betalingskort etter utferdar. Milliardar kroner. 2001–2015**




Kjelde: Noregs Bank

Målt i verdi stod BankAxept-transaksjonane for 67,6 prosent av den samla verdien av korttransaksjonar, sjå figur 10. Dette var ein noko lågare del enn i 2014 (68,8 prosent). Internasjonale kort auka sin del av den totale verdien av korttransaksjonane frå 30,1 til 31,4 prosent. Internasjonale debetkort og internasjonale kredittkort stod høvesvis for 14,2 og 14,3 prosent av den samla transaksjonsverdien.

Debetkorta stod i 2015 for 81,8 prosent av den samla verdien av korttransaksjonane. Kredittkorta stod for 15,3 prosent. Ein transaksjon med debetkort var i gjennomsnitt på 385 kroner, medan ein transaksjon med kredittkort var på 730 kroner.

**Figur 10 Bruk av betalingskort etter utferdar og funksjon. Prosent av verdi. 2001–2015**




Kjelde: Noregs Bank

## Kortbetalingar på Internett

Figur 11 viser at det har vore ein svært sterk vekst i varekjøp over Internett dei siste åra. I 2015 vart det gjort 130 millionar slike kjøp med norske kort. Auken frå 2014 til 2015 var på 12,7 prosent. Kjøp frå utanlandske nettstader utgjorde om lag to tredelar av kjøpa. Den samla verdien av internettkjøpa i 2015 var 80 milliardar kroner, 16,9 prosent høgare enn i 2014. I 2015 var gjennomsnittsverdien av kjøpa 619 kroner.


**Figur 11 Varekjøp over Internett med norske betalingskort. 2007–2015**



Kjelde: Noregs Bank

Varekjøp frå nettstader tek over ein stadig større del av dei totale vare- og tenestekjøpa. Figur 12 viser at internettkjøp i 2015 utgjorde 6,7 prosent av alle varekjøp med norske kort. Målt i verdi utgjorde internettkjøpa 11,1 prosent av verdien av alle kortkjøpa.

**Figur 12 Varekjøp over Internett med norske betalingskort som prosentdel av alle varekjøp med norske kort. 2007–2015**



Kjelde: Noregs Bank


## Kortbetalingar i utlandet

Figur 13 viser den samla bruken av norske betalingskort i utlandet, både på fysiske brukarstader og over Internett. Til saman vart det gjort 234 millionar transaksjonar i utlandet. 220 millionar transaksjonar var varekjøp, medan 15 millionar transaksjonar var kontantuttak. Talet på varekjøp auka med 7,8 prosent frå 2014 til 2015. Kontantuttaka i utlandet vart reduserte med 8,8 prosent.

Også om vi ser bort frå internettkjøpa, var det ein sterk auke i bruken av norske betalingskort i utlandet. Talet på varekjøp på fysiske brukarstader i utlandet auka med 7,3 prosent frå 2014 til 2015, eller frå 129 til 139 millionar betalingar.

I hovudsak er det internasjonale kort som vert nytta når ein kjøper varer i utlandet eller frå utanlandske nettstader. Statistikken syner at internasjonale *debetkort* vart nytta i litt over 8 av 10 slike tilfelle. Internasjonale *kredittkort* vart nytta i dei fleste av dei attverande tilfella.


**Figur 13 Bruk av norske betalingskort i utlandet. Millionar transaksjonar. 2001–2015**



Kjelde: Noregs Bank

Verdien av kortbruken i utlandet i 2015 summerte seg til 140 milliardar kroner, ein vekst på 8,3 prosent frå 2014, sjå figur 14. Verdien av varekjøpa utgjorde 116 milliardar kroner, medan verdien av kontantuttaka utgjorde 24 milliardar kroner. Den gjennomsnittlege storleiken på kontantuttak i utlandet i 2015 motsvarte verdien av 1644 norske kroner. Den gjennomsnittlege storleiken på varekjøp på fysiske brukarstader i utlandet motsvarte verdien av 497 norske kroner.


**Figur 14 Bruk av norske betalingskort i utlandet. Milliardar kroner. 2001–2015**



Kjelde: Noregs Bank

Figur 15 viser at Noreg framleis er mellom dei landa der folk bruker kort oftast for å betale for varer og tenester.

Figur 15 Betalingar per innbyggjar i utvalde land.<sup>7</sup> 2014




Kjelder: Noregs Bank, ESB, BIS, Sedlabanki Islands

### 3 Kontantar

Samstundes som kortbruken aukar, finst det indikasjonar på at bruken av kontantar minkar.<sup>8</sup> Figur 16 syner talet på uttak av kontantar frå minibank og ved varekjøp og verdien av desse uttaka. Det vart gjort 56 millionar uttak frå minibankar i Noreg i 2015. Dette er 8,8 prosent færre uttak enn i 2014.<sup>9</sup> Talet på og verdien av uttaka frå minibankar har falle kvart år sidan 2007.

Figur 16 Uttak av kontantar frå minibank og ved varekjøp. 2001–2015



Kjelde: Noregs Bank

<sup>7</sup> Tala for Island inneheld uttak av kontantar frå minibankar.

<sup>8</sup> Det finst ingen statistikk for kontantbruken. Somme kjelder kan gi indikasjonar på om bruken av kontantar aukar eller minkar. Det finst òg metodar for å estimere kontantbruken, sjølv om det er knytt visse til dei (sjå Norges Bank Memo 5/2014, *Kostnader i det norske betalingssystemet*).

<sup>9</sup> Delar av uttaksstatistikken for 2014 som vart publisert i fjor, var feil. Tala for kontantuttak frå innanlandske minibankar i 2014 har vorte justerte opp frå 55,7 millionar til 61,3 millionar og verdien av uttaka har vorte justerte opp frå 87,9 milliardar kroner til 94,7 milliardar kroner.

Basert på tala for uttak i innanlandske minibankar med norske kort, brukte kvar innbyggjar i gjennomsnitt ein minibank 11 gonger i 2015, mot 12 gonger i 2014. I Sverige, Tyskland og Storbritannia tok kvar innbyggjar i gjennomsnitt ut pengar frå ein minibank høvesvis 22, 32 og 44 gonger i 2014.<sup>10</sup> Sjeldnare uttak frå minibank i Noreg enn i mange andre land kan mellom anna skuldast at uttak i samband med varekjøp er mykje meir vanleg i Noreg, og at bruken av debetkort er høg.


Verdien av uttaka frå minibankar i Noreg summerte seg til 90 milliardar kroner i 2015. I 2014 var verdien 95 milliardar kroner. Fallet frå 2014 til 2015 svarte til 4,6 prosent. Det gjennomsnittlege uttaket frå minibankar steig frå 1545 kroner i 2014 til 1615 kroner i 2015.

Det vart gjort 42 millionar uttak av kontantar i samband med varekjøp i 2015. Det var 10,2 prosent færre uttak enn i 2014. Uttaka som vart gjorde i samband med varekjøp, summerte seg til 19 milliardar kroner i 2015. Det var 6,9 prosent lågare enn i 2014. Det gjennomsnittlege uttaket ved varekjøp steig frå 439 kroner i 2014 til 455 kroner i 2015.

Ein brukar kan få tak i kontantar i bankfilialar, i minibankar og på mange handelsstader. Talet på minibankar minka frå 2033 i 2014 til 1950 i 2015. Talet for 2015 svarer til 0,38 minibankar per tusen innbyggjarar, sjå figur 17. Talet for Noreg i 2014 var 0,40 minibankar per tusen innbyggjarar. Til samanlikning var det i Sverige 0,3 minibankar per tusen innbyggjarar og i Storbritannia og i Tyskland høvesvis 1,1 og 1,0 minibankar per tusen innbyggjarar.

Talet på betalingsterminalar på handelsstader har auka i dei siste åra. I 2015 var det 152 757 betalingsterminalar. Dette svarte til like under 30 betalingsterminalar per tusen innbyggjarar.

**Figur 17 Betalingsterminalar og minibankar per tusen innbyggjarar. 2001–2015**




Kjelde: Noregs Bank

<sup>10</sup> Kjelde til internasjonale tal er BIS Red Book: Statistics on payment, clearing and settlement systems in the CPMI countries. Figures for 2014.

Ved uttak av kontantar i samband med varekjøp er det i hovudsak BankAxept-kort som vert nytta. Ved uttak i minibank kan kunden nytte ulike typar kort. Like over 90 prosent av uttaka frå minibankar i Noreg med norske kort vart gjorde med BankAxept-kort i 2015.

I 2015 vart kvar minibank i gjennomsnitt nytta til 28 667 kontantuttak, sjå figur 18. Frå kvar minibank vart det i gjennomsnitt teke ut 46,3 millionar kroner. Kvar betalingsterminal vart i gjennomsnitt nytta 10 745 gonger i 2015 (varekjøp med og utan kontantuttak). I 2014 vart kvar terminal nytta 10 442 gonger.

**Figur 18 Bruken av betalingsterminalar og minibankar. Per år. 2001–2015**



Kjelde: Noregs Bank

Den gjennomsnittlege verdien av kontantar i omløp utgjorde 48,5 milliardar kroner i 2015, og har endra seg lite dei siste ti åra. Men fordi bankinnskota aukar, minkar verdien av kontantar som del av verdien av betalingsmiddel som publikum disponerer (M1<sup>11</sup>).<sup>12</sup> I 2014 utgjorde denne delen 5,3 prosent, sjå figur 19. Delvis som følge av ei omlegging av pengemengdstatistikken i tråd med endringar i internasjonale standardar, fall delen til 2,7 prosent i 2015.<sup>13</sup> Det er uråd å seie akkurat kor mykje av fallet som kjem av omlegginga.


11 M1 er det smale pengemengdomgrepet. Dette er pengar som er tilgjengeleg og kan nyttast med det same. Omfattar transaksjonskontoar og kontantar i omløp.

12 Merk at dette ikkje er eit uttrykk for bruken av kontantar.

13 For meir om omlegginga: <http://ssb.no/bank-og-finansmarked/artikler-og-publikasjoner/omlegging-av-pengemengdstatistikken--259581>




**Figur 19 Verdien av kontantar i omløp som prosentdel av verdien av betalingsmiddel (M1), konsumert i hushalda og BNP for Fastlands-Noreg. 2001–2015**



Kjelder: Noregs Bank og Statistisk sentralbyrå

Talet for Noreg er lågt i ein internasjonal samanheng, sjå figur 20. Det er uklart om innhaldet i pengemengdomgrepet er det same i alle landa som er viste på figuren.

**Figur 20 Kontantar som prosentdel av betalingsmiddel i utvalde land. 2014**



Kjelder: Noregs Bank, ESB, BIS og Sedlabanki Islands

## 4 Prisar i betalingsformidlinga

Oversikt 2 gir informasjon om prisar for ulike bank- og korttenester. Prisane er lågare for kundar som er med i bankane sine kundeprogram, enn for dei som står utanfor slike program.

Prisane for betaling av reknningar varierer mykje mellom dei ulike betalingsformene. Papirbaserte og manuelle betalingstenester er klart dyrast. Betaling av giro i skranke med kontantar kostar i gjennomsnitt noko under 100 kroner for ein programkunde. Betaling med AvtaleGiro eller frå nettbank med KID er stort sett gratis for programkunder, men kostar om lag 1,50 kroner for andre kundar.

Gjennomsnittleg årsavgift for BankAxept-kort kombinert med eit internasjonalt kort (Visa eller MasterCard) var ved inngangen til 2016 205 kroner for kundar innanfor kundeprogram og 272 kroner for kundar som står utanfor slike program. Gjennomsnittsprisen på eit varekjøp med BankAxept var null for kundar i program og om lag 1,70 kroner for kundar utanfor program.

### Oversikt 2 Prisar på innanlandske betalingstransaksjonar og kontantuttak for personkunder. I kroner dersom anna ikkje er nemnt. Vekta gjennomsnittsprisar per 1. januar

	Ikkje programkunder				Programkunder			
	2013	2014	2015	2016	2013	2014	2015	2016
<b>Betalingstransaksjonar</b>								
Nettbank med KID, pris per betaling	1,31	1,50	1,46	1,48	0,03	0,03	0,02	0,03
Nettbank, årsavgift	14,22	20,32	20,47	14,51	1,46	1,44	0,43	0,92
AvtaleGiro, pris per betaling	1,36	1,55	1,52	1,54	0,04	0,05	0,05	0,07
Mobilbank med KID, pris per betaling	1,33	1,52	1,52	1,49	0,04	0,04	0,04	0,06
Mobilbank – overføringar mellom eigne kontoar	0,08	0,07	0,07	0,08	0,02	0,02	0,00	0,00
Mobilbank – SMS-info	2,15	2,11	2,16	2,30	1,08	1,20	1,27	1,33
Brevgiro, pris per betaling	8,84	8,81	8,91	9,75	9,19	9,48	9,51	9,80
Giro over skranke frå konto, pris per betaling	63,28	61,04	60,19	67,48	61,34	58,95	59,29	66,09
Giro over skranke med kontant betaling, pris per betaling	81,79	84,64	76,97	89,54	80,48	85,06	88,87	95,55
BankAxept-kort i betalingsterminal, per betaling	1,50	1,70	1,66	1,67	0,02	0,02	0,02	0,02
Årspris på internasjonale kredittkort	145,85	147,47	145,14	134,44	14,33	27,35	22,62	15,67
Årspris på BankAxept (kombinert med internasjonalt debetkort)	268,20	276,59	278,22	271,87	218,75	206,97	208,92	204,84
<b>Minibankuttak med debetkort</b>								
Eigen minibank i opningstida, pris per uttak	0,05	0,06	0,01	0,03	0,01	0,01	0,01	0,01
Eigen minibank utanom opningstida, pris per uttak	2,66	3,14	3,03	2,77	0,02	0,08	0,03	0,04
Andre bankar sine minibankar i opningstida, pris per uttak	4,94	5,65	5,46	5,61	4,80	5,15	5,08	4,99
<b>Minibankuttak med internasjonale kredittkort</b>								
Eigen minibank i opningstida, pris per uttak	23,87	27,69	28,04	24,88	30,14	28,52	28,37	16,19
Andre bankar sine minibankar i opningstida, pris per uttak	23,96	27,75	28,10	25,03	30,21	28,59	28,44	16,40
Påslag i prosent av uttaket	0,9	1,0	1,0	1,0	1,2	1,2	1,2	0,7

Kjelder: Noregs Bank og Finansportalen

Stort sett er det gratis å ta ut pengar med debetkort i opningstida frå ein minibank som høyrer til eigen bank. Uttak med debetkort frå minibankar som høyrer til andre bankar, kostar i opningstida om lag 5 kroner i eit kundeprogram og om lag 5,60 kroner utanfor eit kundeprogram. Uttak med internasjonale kredittkort kostar noko over 16 kroner innanfor eit kundeprogram og om lag 25 kroner utanfor kunde-program. I tillegg kjem eit gebyr på om lag éin prosent av uttaksbeløpet.

Oversikt 3 syner samanstilte prisar frå Finansportalen si «Sende pengar heim»-teneste. Tenesta skal vere «ei hjelp til forbrukarar i Noreg som har behov for å sende pengar til familie og vener i sitt andre heimland». Finansportalen har prisar på penge-overføringstenester til 28 land.<sup>14</sup> Både bankar, finansielle føretak og betalingsføretak tilbyr overføring av pengar til desse landa. Prisen på overføringa er avhengig av fleire faktorar. Prisen, målt i prosent av overføringsbeløpet, fell med storleiken på beløpet. Overføring ved personlig oppmøte er mykje dyrare enn overføringar over Internett. Dette gjeld særleg i bankar, men òg når betalinga går gjennom eit finansielt føretak eller betalingsføretak. Gebyra består av valutamargin og andre gebyr, der andre gebyr består av både ein fast del og ein del som er avhengig av storleiken på beløpet. Generelt har gebyra felle frå 2015 til 2016.

Tabell 22 i vedlegget syner at prisane på overføring berre i mindre grad er avhengige av kva land mottakaren held til i. Grunndata syner at storleiken på gebyret i hovudsak stig dess raskare overføringa med ei teneste skjer. Likevel er standardiserte SEPA-betalingar gjennom bankane, som tek akkurat to dagar, rimelegare enn både raskare og tregare betalningar.

**Oversikt 3 Prisar for å sende pengar til eit utval land. Bankar og andre aktørar. I prosent av overføringsbeløp. Per 5. mars 2015 og 1. januar 2016**

	Personleg oppmøte				Betalingsoppdrag over Internett			
	1000 kroner		5000 kroner		1000 kroner		5000 kroner	
	2015	2016	2015	2016	2015	2016	2015	2016
<b>Bankar</b>	<b>25,1</b>	<b>24,4</b>	<b>5,8</b>	<b>5,3</b>	<b>6,4</b>	<b>6,0</b>	<b>2,1</b>	<b>1,7</b>
Valutamargin	1,0	0,6	1,0	0,6	1,0	0,7	1,0	0,7
Andre gebyr	24,0	23,9	4,8	4,8	5,4	5,4	1,1	1,1
<b>Finansielle føretak og betalingsføretak</b>	<b>9,9</b>	<b>10,3</b>	<b>8,6</b>	<b>9,1</b>	<b>6,7</b>	<b>6,3</b>	<b>4,7</b>	<b>4,4</b>
Valutamargin	4,3	4,5	4,3	4,5	2,6	2,4	2,6	2,4
Andre gebyr	5,6	5,9	4,2	4,6	4,1	4,0	2,1	2,0
<b>Alle aktørar</b>	<b>20,7</b>	<b>22,1</b>	<b>6,6</b>	<b>6,0</b>	<b>6,5</b>	<b>6,1</b>	<b>3,1</b>	<b>2,8</b>
Valutamargin	2,0	1,2	2,0	1,2	1,6	1,3	1,6	1,3
Andre gebyr	18,7	20,9	4,6	4,8	4,9	4,8	1,5	1,5


Kjelder: Noregs Bank og Finansportalen

<sup>14</sup> Afghanistan, Bosnia-Herzegovina, Brasil, Chile, Eritrea, Etiopia, Filippinane, Gambia, Ghana, India, Irak, Kina, Kosovo, Latvia, Litauen, Makedonia, Marokko, Nigeria, Pakistan, Palestina, Polen, Romania, Russland, Serbia, Sri Lanka, Thailand, Tyrkia og Vietnam.

## 5 Bankane sine inntekter frå betalingsformidling

Bankane sine inntekter frå betalingsformidling utgjorde 7,2 milliardar kroner i 2015, sjå figur 21. Inntektene auka med 0,7 prosent frå 2014 til 2015. I 2015 stod kort-inntektene for 62 prosent av dei samla inntektene frå betalingsformidlinga. Veksten i inntekter frå betalingsformidling har vore låg samanlikna med veksten i bankane sine rente- og provisjonsinntekter.

**Figur 21 Inntekter til bankane frå betalingsformidling og netto rente- og provisjonsinntekter. Milliardar kroner. 2006–2015**



Kjelder: Noregs Bank og Statistisk sentralbyrå

## Generelle data

**Tabell 1: Overordna data for Noreg**

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Folketal (per 1. jan., millionar)	4,61	4,65	4,69	4,75	4,81	4,87	4,92	4,99	5,05	5,11	5,17
BNP, marknadsværdi (milliardar kroner)	1 989	2 215	2 350	2 605	2 430	2 590	2 792	2 965	3 071	3 154	3 141
BNP Fastlands-Noreg, marknadsværdi (milliardar kroner)	1 514	1 662	1 830	1 943	1 965	2 074	2 158	2 295	2 419	2 525	2 611
Forbruket i hushalda (milliardar kroner)	798	853	911	956	978	1 038	1 072	1 121	1 174	1 219	1 270
Kurs mot euro (årgjennomsnitt)	8,01	8,05	8,02	8,22	8,73	8,01	7,79	7,47	7,81	8,35	8,95

## Betalingsmiddel i Noreg

**Tabell 2: Betalingsmiddel disponerte av publikum (ved årsslutt, millionar kroner)**

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
<b>Pengemengda (M2)</b>	<b>1 085 330</b>	<b>1 233 749</b>	<b>1 440 205</b>	<b>1 494 802</b>	<b>1 529 940</b>	<b>1 609 936</b>	<b>1 709 189</b>	<b>1 773 712</b>	<b>1 881 344</b>	<b>1 980 609</b>	<b>1 926 026</b>
<b>Betalingsmiddel i alt (M1)</b>	<b>552 246</b>	<b>679 503</b>	<b>760 448</b>	<b>736 491</b>	<b>744 260</b>	<b>788 613</b>	<b>828 816</b>	<b>826 016</b>	<b>875 018</b>	<b>902 793</b>	<b>1 772 840</b>
Setlar og myntar	46 530	48 247	49 543	49 128	48 399	48 725	48 983	48 408	48 457	47 880	48 503
Innskot på transaksjonskontoar	505 716	631 256	710 905	687 363	695 861	739 888	779 833	777 608	826 561	854 913	1 724 337
<b>Andre innskot</b>	<b>435 483</b>	<b>473 108</b>	<b>559 351</b>	<b>657 162</b>	<b>693 888</b>	<b>731 271</b>	<b>780 481</b>	<b>868 558</b>	<b>931 727</b>	<b>1 010 026</b>	<b>153 186</b>
<b>Banksertifikat og delar i penge-marknadsfond</b>	<b>97 601</b>	<b>81 138</b>	<b>120 406</b>	<b>101 149</b>	<b>91 792</b>	<b>90 052</b>	<b>99 892</b>	<b>79 138</b>	<b>74 599</b>	<b>67 790</b>	<b>:</b>

**Tabell 3: Likviditeten i banksystemet (millionar kroner). Årgjennomsnitt**

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Bankane sine folioinnskot i sentralbanken	28 666	24 536	24 867	41 713	75 111	46 832	46 498	32 167	32 981	34 078	33 245
Bankane sine innskot til reserverente i sentralbanken	:	:	:	:	:	:	1 039 <sup>1</sup>	1 312	923	954	1 031
Innskot til sentralbanken (F-innskot)	:	:	:	:	:	:	26 344 <sup>1</sup>	11 402	9 527	28 744	22 778
Utlån frå sentralbanken (F-lån + D-lån)	14 694	34 411	46 670	67 515	66 242	72 759	32 351	15 352	15 806	5 147	6 152

<sup>1</sup> Gjennomsnitt frå 3. oktober 2011

**Tabell 4: Verdien av setlar og myntar i omløp. Årsgjennomsnitt (millionar kroner)**

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
<b>I alt</b>	<b>45 887</b>	<b>49 218</b>	<b>50 439</b>	<b>50 413</b>	<b>50 356</b>	<b>50 450</b>	<b>50 315</b>	<b>51 179</b>	<b>49 762</b>	<b>49 352</b>	<b>50 068</b>
<b>Setlar i alt</b>	<b>41 382</b>	<b>44 523</b>	<b>45 858</b>	<b>45 838</b>	<b>45 704</b>	<b>45 676</b>	<b>45 463</b>	<b>46 379</b>	<b>45 509</b>	<b>44 995</b>	<b>45 605</b>
1000-kronesetlar	24 649	25 818	26 179	25 371	24 382	23 134	21 678	21 180	19 798	18 712	17 947
500-kronesetlar	9 060	10 374	11 213	11 882	12 722	13 623	14 542	15 633	16 306	17 101	18 355
200-kronesetlar	4 819	5 296	5 381	5 522	5 580	5 846	6 103	6 335	6 251	6 033	6 056
100-kronesetlar	2 021	2 119	2 121	2 083	2 029	2 062	2 099	2 149	2 118	2 096	2 154
50-kronesetlar	833	916	964	980	993	1 012	1 041	1 080	1 036	1 054	1 093
<b>Myntar i alt</b>	<b>4 506</b>	<b>4 695</b>	<b>4 582</b>	<b>4 575</b>	<b>4 653</b>	<b>4 774</b>	<b>4 853</b>	<b>4 801</b>	<b>4 254</b>	<b>4 357</b>	<b>4 463</b>
20-kronemyntar	1 778	1 849	1 665	1 541	1 556	1 599	1 629	1 638	1 679	1 715	1 760
10-kronemyntar	1 076	1 145	1 214	1 259	1 276	1 307	1 323	1 317	1 150	1 174	1 194
5-kronemyntar	563	598	630	654	664	674	679	662	502	515	529
1-kronemyntar	753	799	845	884	912	941	962	943	767	799	826
50-øremyntar	208	218	228	237	245	253	260	241	156	155	154
10-øremyntar	128	86	:	:	:	:	:	:	:	:	:

## Betalingsinfrastruktur

**Tabell 5: Institusjonell infrastruktur**

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
<b>Talet på bankar</b>	<b>149</b>	<b>147</b>	<b>149</b>	<b>149</b>	<b>149</b>	<b>145</b>	<b>142</b>	<b>138</b>	<b>137</b>	<b>137</b>	<b>134</b>
Sparebankar	126	124	123	121	118	113	111	109	107	106	104
Forretningsbankar	14	15	16	18	20	20	19	17	18	19	20
Talet på filialar av utanlandske bankar i Noreg	9	8	10	10	11	12	12	12	12	12	10
<b>E-pengeføretak</b>	<b>5</b>	<b>4</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	<b>2</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>

Tabell 6: Talet på avtalar

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
<b>Avtalar om nettbank</b>	<b>3 282 793</b>	<b>4 009 321</b>	<b>4 438 137</b>	<b>4 841 244</b>	<b>5 251 874</b>	<b>5 496 535</b>	<b>5 712 911</b>	<b>6 020 427</b>	<b>6 218 674</b>	<b>6 690 106</b>	<b>7 213 825</b>
Avtalar om nettbank – personkunder	3 221 839	3 683 843	4 089 644	4 471 351	4 865 720	5 097 505	5 300 353	5 595 545	5 759 449	6 207 945	6 606 198
Avtalar om nettbank – føretakskunder	60 954	325 478	348 493	369 893	386 154	399 030	412 558	424 882	459 225	482 161	607 627
<b>Avtalar om mobilbank</b>	-	-	-	-	:	:	:	:	<b>98 609</b>	<b>569 028</b>	<b>675 619</b>
Avtalar om mobilbank – personkunder	-	-	-	-	:	:	:	:	98 609	560 070	664 895
Avtalar om mobilbank – føretakskunder	-	-	-	-	-	-	-	-	:	8 958	10 724
Avtalar om å tilby eFaktura – personkunder	:	330	460	532	648	770	945	1 071	1 220	1 378	1 490
Avtalar om å tilby eFaktura – føretakskunder	-	-	-	-	-	:	:	132	123	125	129
Avtalar om mottak av eFaktura – personkunder	:	2 149 356	2 914 946	4 074 429	5 249 722	6 358 929	7 932 093	9 713 391	12 093 853	15 304 127	14 547 500
Avtalar om mottak av eFaktura – føretakskunder	-	-	-	-	-	:	:	58 278	84 126	293 004	154 165
Avtalar om mottak av elektronisk faktura i EHF-format	-	-	-	-	-	-	:	2 005	7 760	31 064	48 927
Avtalar om bedriftsterminalgiro	:	27 904	28 707	29 127	32 983	33 466	26 153	15 129	15 963	16 534	18 362
Avtalar om brevgiro	1 453 825	1 189 770	1 152 349	906 957	810 818	759 995	723 867	681 023	626 342	596 126	508 134
Avtalar om faste betalingsoppdrag (AvtaleGiro og Autogiro)	6 305 218	7 523 461	8 544 208	9 523 732	10 707 639	11 933 080	13 162 659	14 393 988	15 597 964	17 218 355	18 496 228
AvtaleGiro – betalingsmottakarar	8 761	9 554	10 373	11 135	11 945	12 619	13 130	13 572	16 417	15 520	15 940
Autogiro – betalingsmottakarar	1 243	1 441	1 350	1 170	1 342	716	708	690	654	618	587

**Tabell 7: Talet på utferda kort (i tusen), talet på funksjonar i utferda kort (i tusen) og talet på terminalar**

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
<b>Talet på utferda kort per 31. desember</b>	<b>7 872</b>	<b>9 187</b>	<b>9 908</b>	<b>10 629</b>	<b>11 644</b>	<b>12 190</b>	<b>12 313</b>	<b>12 583</b>	<b>12 626</b>	<b>13 698</b>	<b>14 696</b>
Kort med chip	:	1 235	2 540	3 848	6 516	10 066	11 568	12 029	11 862	12 764	13 807
Kort med magnetstripe	:	7 953	7 368	6 781	5 127	2 124	745	553	761	928	883
Virtuelle kort	:	:	:	:	:	:	:	:	3	6	6
<b>Talet på funksjonar i utferda kort</b>	<b>12 449</b>	<b>14 169</b>	<b>15 335</b>	<b>16 772</b>	<b>17 837</b>	<b>19 015</b>	<b>19 447</b>	<b>19 795</b>	<b>20 289</b>	<b>21 988</b>	<b>23 457</b>
<b>Debetfunksjonar</b>	<b>9 107</b>	<b>10 138</b>	<b>10 519</b>	<b>11 899</b>	<b>11 789</b>	<b>12 968</b>	<b>13 564</b>	<b>13 620</b>	<b>14 449</b>	<b>15 650</b>	<b>16 552</b>
BankAxept	4 894	5 537	5 569	6 218	6 057	6 620	6 897	6 945	7 332	7 931	8 377
Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap	4 214	4 601	4 949	5 681	5 732	6 349	6 667	6 675	7 117	7 719	8 175
<b>Faktureringsfunksjonar (betalingskort utferda av internasjonale kortselskap)</b>	<b>451</b>	<b>478</b>	<b>522</b>	<b>535</b>	<b>542</b>	<b>528</b>	<b>593</b>	<b>572</b>	<b>569</b>	<b>557</b>	<b>470</b>
<b>Kredittfunksjonar</b>	<b>2 891</b>	<b>3 553</b>	<b>4 294</b>	<b>4 338</b>	<b>5 506</b>	<b>5 519</b>	<b>5 290</b>	<b>5 603</b>	<b>5 054</b>	<b>5 504</b>	<b>6 157</b>
Nasjonale kredittkort	546	548	647	625	629	642	662	630	600	635	609
Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap	2 345	3 005	3 647	3 713	4 877	4 877	4 628	4 973	4 454	4 869	5 549
<b>Innbetalingar på førehand (e-pengar)</b>	<b>:</b>	<b>:</b>	<b>:</b>	<b>:</b>	<b>:</b>	<b>:</b>	<b>:</b>	<b>:</b>	<b>218</b>	<b>277</b>	<b>278</b>
<b>Talet på terminalar som aksepterer BankAxept-kort</b>	<b>96 591</b>	<b>100 021</b>	<b>109 821</b>	<b>119 953</b>	<b>122 359</b>	<b>125 684</b>	<b>130 397</b>	<b>138 034</b>	<b>141 980</b>	<b>149 817</b>	<b>154 707</b>
<b>Minibankar</b>	<b>2 184</b>	<b>2 250</b>	<b>2 272</b>	<b>2 283</b>	<b>2 253</b>	<b>2 193</b>	<b>2 194</b>	<b>2 157</b>	<b>2 096</b>	<b>2 033</b>	<b>1 950</b>
<b>Betalingsterminalar (EFTPOS)</b>	<b>94 407</b>	<b>97 771</b>	<b>107 549</b>	<b>117 670</b>	<b>120 106</b>	<b>123 491</b>	<b>128 203</b>	<b>135 877</b>	<b>139 884</b>	<b>147 784</b>	<b>152 757</b>
Eigde av bankar	66 786	74 303	75 460	77 804	77 892	:	:	:	:	:	:
Eigde av andre	27 621	23 468	32 089	39 866	42 214	:	:	:	:	:	:
<b>Talet på brukarstader med betalingsterminalar (EFTPOS) som aksepterer BankAxept-kort</b>	<b>73 242</b>	<b>78 656</b>	<b>85 490</b>	<b>94 708</b>	<b>96 152</b>	<b>97 722</b>	<b>100 758</b>	<b>105 726</b>	<b>110 282</b>	<b>111 401</b>	<b>114 227</b>



# Kunderetta betalingstenester

NOREGS BANK MEMO  
NR 1 | 2016

**Tabell 8: Bruk av betalingstenester (millionar transaksjonar)**

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
<b>I alt</b>	<b>1 235,5</b>	<b>1 342,9</b>	<b>1 478,0</b>	<b>1 604,3</b>	<b>1 701,4</b>	<b>1 837,1</b>	<b>1 976,1</b>	<b>2 137,7</b>	<b>2 286,6</b>	<b>2 451,3</b>	<b>2 610,0</b>
<b>Debet- og kreditoverføringer (giro)</b>	<b>480,4</b>	<b>491,2</b>	<b>512,4</b>	<b>528,3</b>	<b>541,6</b>	<b>563,4</b>	<b>575,3</b>	<b>597,2</b>	<b>615,7</b>	<b>633,9</b>	<b>658,3</b>
Elektronisk	411,8	437,4	462,3	483,9	503,6	533,5	550,0	575,1	596,1	616,9	643,3
Blankettbasert	68,6	53,8	50,2	44,5	38,1	29,9	25,3	22,1	19,6	17,0	15,0
<b>Betalingskort (varekjøp)</b>	<b>754,2</b>	<b>851,0</b>	<b>965,1</b>	<b>1 075,6</b>	<b>1 159,5</b>	<b>1 273,5</b>	<b>1 400,6</b>	<b>1 540,4</b>	<b>1 670,8</b>	<b>1 817,3</b>	<b>1 951,6</b>
Elektronisk	737,9	830,7	960,3	1 073,2	1 157,7	1 271,8	1 398,9	1 538,3	1 668,8	1 815,3	1 949,2
Manuelt	16,3	20,4	4,8	2,4	1,9	1,7	1,8	2,1	2,0	2,1	2,5
<b>Sjekk</b>	<b>0,8</b>	<b>0,7</b>	<b>0,5</b>	<b>0,4</b>	<b>0,3</b>	<b>0,2</b>	<b>0,2</b>	<b>0,1</b>	<b>0,1</b>	<b>0,1</b>	<b>0,1</b>

**Tabell 9: Debet- og kreditoverføringer (giro) (millionar transaksjonar)**

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
<b>I alt</b>	<b>480,4</b>	<b>491,2</b>	<b>512,4</b>	<b>528,3</b>	<b>541,6</b>	<b>563,4</b>	<b>575,3</b>	<b>597,2</b>	<b>615,7</b>	<b>633,9</b>	<b>658,3</b>
<b>Kreditoverføringer</b>	<b>431,6</b>	<b>441,3</b>	<b>455,1</b>	<b>468,8</b>	<b>476,0</b>	<b>492,7</b>	<b>499,3</b>	<b>514,7</b>	<b>528,0</b>	<b>538,9</b>	<b>556,1</b>
<b>Elektroniske</b>	<b>371,9</b>	<b>395,6</b>	<b>412,7</b>	<b>430,5</b>	<b>443,6</b>	<b>467,1</b>	<b>477,1</b>	<b>495,4</b>	<b>510,8</b>	<b>524,1</b>	<b>543,4</b>
Bedriftsterminalgiro	95,8	51,5	46,1	43,2	44,1	44,9	47,1	14,5	14,5	15,7	15,1
Nettbank	227,8	293,6	318,8	340,4	349,6	371,3	378,1	427,1	435,8	440,8	455,1
Nettbankløysingar for personkundar	131,8	144,0	154,2	171,2	205,2	220,0	229,6	243,0	251,9	250,9	258,5
Nettbankløysingar for føretakskundar	96,0	149,6	164,6	169,2	144,4	151,4	148,4	184,1	183,8	189,9	196,6
Mobilbank	-	-	-	-	0,1	0,2	0,8	3,3	9,0	15,4	20,1
Mobilbankløysingar for personkundar	-	-	-	-	0,1	0,2	0,8	3,3	8,9	15,2	20,0
Mobilbankløysingar for føretakskundar	-	-	-	-	-	-	-	0,0	0,1	0,2	0,1
Telegiro	21,8	16,9	13,9	12,2	12,7	11,1	9,7	8,6	7,6	6,6	5,7
Andre elektroniske kreditoverføringer	26,4	33,6	33,8	34,7	37,1	39,5	41,5	41,9	43,9	45,7	47,4
<b>Blankettbaserte</b>	<b>59,8</b>	<b>45,7</b>	<b>42,4</b>	<b>38,3</b>	<b>32,4</b>	<b>25,6</b>	<b>22,1</b>	<b>19,3</b>	<b>17,2</b>	<b>14,8</b>	<b>12,7</b>
Bedriftsterminalgiro og nettbank med tilvising	2,6	1,0	1,7	1,3	1,2	0,9	0,7	0,6	0,5	0,5	0,4
Brevgiro	38,0	32,6	29,0	26,1	23,8	19,9	17,7	15,7	14,0	12,2	10,5
Giro levert inn på ekspedisjonsstad – kontobelastningar	19,2	12,1	11,7	10,9	7,4	4,8	3,8	3,0	2,6	2,1	1,7
<b>Direkte debiteringar</b>	<b>39,9</b>	<b>41,8</b>	<b>49,6</b>	<b>53,4</b>	<b>59,9</b>	<b>66,4</b>	<b>72,8</b>	<b>79,7</b>	<b>85,2</b>	<b>92,8</b>	<b>99,9</b>
<b>Giroar leverte inn på ekspedisjonsstad – kontante innbetalingar</b>	<b>8,9</b>	<b>8,0</b>	<b>7,8</b>	<b>6,2</b>	<b>5,7</b>	<b>4,3</b>	<b>3,2</b>	<b>2,8</b>	<b>2,4</b>	<b>2,2</b>	<b>2,3</b>

Tabell 10a: Betalingskort. Bruk av kort (millionar transaksjonar)

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
<b>Bruk av norske kort i alt (i Noreg og i utlandet)</b>	<b>862,2</b>	<b>957,6</b>	<b>1 070,7</b>	<b>1 182,0</b>	<b>1 259,7</b>	<b>1 368,8</b>	<b>1 492,2</b>	<b>1 627,3</b>	<b>1 752,3</b>	<b>1 892,8</b>	<b>2 020,7</b>
<b>Varekjøp</b>	<b>754,5</b>	<b>851,0</b>	<b>965,1</b>	<b>1 075,6</b>	<b>1 159,5</b>	<b>1 273,5</b>	<b>1 400,6</b>	<b>1 540,4</b>	<b>1 670,8</b>	<b>1 817,3</b>	<b>1 951,6</b>
Varekjøp utan kontantuttak	618,5	769,1	887,4	1 002,4	1 088,5	1 208,3	1 340,1	1 484,5	1 619,7	1 771,2	1 910,2
Varekjøp med kontantuttak	135,9	81,9	77,7	73,2	71,1	65,2	60,6	55,9	51,1	46,2	41,5
<b>Kontantuttak utanom varekjøp</b>	<b>107,8</b>	<b>106,6</b>	<b>105,6</b>	<b>106,4</b>	<b>100,1</b>	<b>95,3</b>	<b>91,5</b>	<b>86,9</b>	<b>81,5</b>	<b>75,5</b>	<b>69,1</b>
<b>Bruk av norske kort delt inn etter funksjon</b>	<b>862,2</b>	<b>957,6</b>	<b>1 070,6</b>	<b>1 181,9</b>	<b>1 259,7</b>	<b>1 368,8</b>	<b>1 492,2</b>	<b>1 627,3</b>	<b>1 752,3</b>	<b>1 892,8</b>	<b>2 020,6</b>
<b>Debetfunksjonar</b>	<b>809,2</b>	<b>904,2</b>	<b>1 001,3</b>	<b>1 102,8</b>	<b>1 172,1</b>	<b>1 270,6</b>	<b>1 375,4</b>	<b>1 487,7</b>	<b>1 589,2</b>	<b>1 709,9</b>	<b>1 820,1</b>
BankAxept	745,7	817,4	896,1	987,7	1 045,0	1 123,6	1 207,7	1 299,1	1 366,8	1 452,7	1 526,4
Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap	63,5	86,8	105,3	115,1	127,1	146,9	167,7	188,6	222,3	257,2	293,8
<b>Faktureringsfunksjonar (betalingskort utferda av internasjonale kortselskap)</b>	<b>19,1</b>	<b>17,7</b>	<b>20,5</b>	<b>22,6</b>	<b>21,4</b>	<b>19,1</b>	<b>19,5</b>	<b>20,8</b>	<b>21,0</b>	<b>21,6</b>	<b>20,2</b>
<b>Kredittfunksjonar</b>	<b>33,9</b>	<b>35,7</b>	<b>48,8</b>	<b>56,5</b>	<b>66,2</b>	<b>79,1</b>	<b>97,3</b>	<b>118,5</b>	<b>141,2</b>	<b>160,0</b>	<b>179,2</b>
Nasjonale kredittkort	6,1	6,5	7,8	8,8	8,0	6,7	6,2	6,3	5,9	5,9	5,6
Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap	27,8	29,2	40,9	47,8	58,2	72,4	91,1	112,3	135,2	154,1	173,6
<b>Innbetalingar på førehand (e-pengar)</b>	<b>:</b>	<b>:</b>	<b>:</b>	<b>:</b>	<b>:</b>	<b>:</b>	<b>:</b>	<b>0,2</b>	<b>1,1</b>	<b>1,3</b>	<b>1,1</b>
<b>Bruk av norske kort i Noreg</b>	<b>823,4</b>	<b>907,1</b>	<b>1 000,3</b>	<b>1 107,6</b>	<b>1 177,0</b>	<b>1 265,4</b>	<b>1 369,5</b>	<b>1 473,3</b>	<b>1 560,3</b>	<b>1 673,1</b>	<b>1 786,6</b>
Varekjøp utan kontantuttak	587,9	726,9	829,2	942,1	1 019,5	1 119,4	1 232,6	1 346,5	1 444,4	1 567,5	1 690,7
Varekjøp med kontantuttak	135,9	81,8	77,7	73,2	71,0	65,2	60,5	55,9	51,1	46,2	41,4
Kontantuttak utanom varekjøp	99,5	98,3	93,4	92,3	86,5	80,8	76,4	71,0	64,9	59,5	54,5
<b>Bruk av norske kort i utlandet</b>	<b>38,8</b>	<b>50,6</b>	<b>70,4</b>	<b>74,4</b>	<b>82,7</b>	<b>103,4</b>	<b>122,7</b>	<b>153,9</b>	<b>192,0</b>	<b>219,7</b>	<b>234,2</b>
Varekjøp	30,6	42,3	58,2	60,3	69,0	88,9	107,4	138,0	175,4	203,7	219,5
Kontantuttak	8,3	8,3	12,2	14,1	13,7	14,5	15,2	15,9	16,6	16,0	14,6
<b>Bruk av utanlandske kort i Noreg</b>	<b>13,6</b>	<b>14,3</b>	<b>14,3</b>	<b>16,3</b>	<b>17,5</b>	<b>19,3</b>	<b>22,5</b>	<b>27,1</b>	<b>31,6</b>	<b>36,6</b>	<b>40,0</b>
Varekjøp	12,4	12,6	11,7	13,5	15,1	17,0	20,1	24,7	29,6	34,7	38,4
Kontantuttak	1,3	1,7	2,7	2,8	2,4	2,3	2,4	2,3	2,0	1,9	1,6

